

Nordhordland Utviklingsselskap IKS - Styret si årsmelding 2018

Type verksemد og lokalisering

Nordhordland Utviklingsselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Strategiske planar legg til grunn at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v. Dei største prosjekta selskapet har jobba med i 2018 er Region Nordhordland Helsehus og Unesco Nordhordland Biosfæreområde. Elles har selskapet jobba med andre prosjekt med mindre omfang, diverse høyringar samt ordinære / faste oppgåver for Regionrådet og Rådmannsutvalet.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 144 121,-. Styret foreslår at mindreforbruket vert avsett til pensjonsfondet. Styret ser det fornuftig å ha eit pensjonsfond for å ta årlege svingingar og for å dekka inn framtidige pensjonskostnadene.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, prosjektinntekter og eit lite driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilet av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Likestilling/HMS

Selskapet har 5,8 årsverk tilsett pr. 31.12.2018 fordelt på tre kvinner og tre menn. 0,5 årsverk er kjøpt inn som konsulenttenester grunna permisjon for ein medarbeidar. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2018.

Arbeidsmiljø

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt.

Påverknad av det ytre miljø

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

Grunnlag for fortsatt drift

Som det kjem fram av årsrekneskapen er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 8. april 2019



Håkon Matre
Styreleiar



Kari Torkildsen Utkilen
Styremedlem/nestleiar



Arnhild Kjellevold
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar